



Glansbilete

Tema: Vaksenrolla med vekt på leik ute

Kriterium	Teikn på god praksis
Barnehagen er ein lærande organisasjon (Rammeplanen s.26)	<ul style="list-style-type: none">❖ Personalet har god kjennskap til rammeplanen❖ Barnehagen har eit felles hovudmål som personalet kjenner til.❖ Det er sett av tid slik at personalet saman kan reflektera og drøfta barnehagen sitt syn på læring❖ Det er sett av tid til jamleg refleksjon og drøfting av eigen praksis❖ Leiarane er ansvarlege for prioriteringar, planar og vedtak, og fylgjer dei opp❖ Leiarane gjev fagleg støtte og rettleiing til personalet❖ Barnehagen nyttar dei tilsette sin kompetanse
Barnehagen er ein felles organisasjon (Årsplan, Hovedmål, s.2)	<ul style="list-style-type: none">❖ Heile personalgruppa er med å utforma årsplan❖ Dei ulike avdelingane fylgjer felles planar og målsetjingar❖ Personalet hjelper kvarandre på tvers av avd. og hus❖ Felles aktivitetar på tvers av avdelingar og hus vert planlagt og gjennomført❖ Pedagogisk leiarar har felles møte❖ Personalet har felles møte❖ Personalet er fleksible i høve til planar
Barnehagen skal gje borna høve til leik, livsutfolding og meningsfylde opplevingar og aktivitetar i trygge og samstundes utfordrande omgjevningar. (Rammeplanen s. 16 og 25)	<ul style="list-style-type: none">❖ Uteleikeklassen gjev høve til variert leik❖ Borna er ute kvar dag❖ Det er avsett tid til leik❖ Vaksne syner interesse og er engasjerte i borna sin leik❖ Det einskilde barn får dekkja individuelle behov❖ Dei vaksne gjev støtte og hjelp til barn som ikkje deltek i leik❖ Personalet fordelar seg på uteområdet der borna er❖ Personalet har felles forståing for reglar i utetida❖ Det vert teke individuelle omsyn innanfor reglane❖ Personalet nyttar aktivt dei 7 fagområda i utetida
Det daglege samspelet i barnehagen er ei av dei viktigaste føresetnadane for born si utvikling og læring. (Årsplan, del 4, s.5)	<ul style="list-style-type: none">❖ Borna vert møtt av dei vaksne på ein positiv måte når dei kjem i barnehagen❖ Borna får ein god avskjed når dagen er slutt❖ Borna vert sett og høyrte❖ Glede og humor pregar kvardagen❖ Born og vaksne har fysisk nærleik❖ Born syner glede ved å vera i barnehagen
Barnehagen skal gje borna høve til utvikling og aktivitet i nær forståing og samarbeid med borna sin heim. (Lov om barnehagar § 1)	<ul style="list-style-type: none">❖ Føresette deltek aktivt i planlegging og vurdering av det pedagogiske innhaldet❖ Føresette får gje ris og ros i barnehagekvardagen❖ Føresette meiner at uteområdet gjev høve til variert leik❖ Føresette meiner at dei vaksne engasjerar seg i leiken❖ Føresette meiner at borna trives når dei er ute